

MØTEREFERAT

--- «» ---

Møte: Fyrste forhandlingsmøte for ny intensjonsavtale om kommunesamanslåing mellom Sykkylven og Stranda kommunar
Dato: 16. august 2019
Tid: 09:00 til 13:00
Stad: Nye brannstasjonen i Sykkylven kommune

Møtelyd: Politisk deltagarar:
Odd Jostein Drotninghaug, ordførar Sykkylven kommune
Anne Karin Watters
Jarle Strømmegjerde
Rolf Bergmann
Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune
Arild Ringdal
Svein Lunde
Svein Erik Rimstad

Administrative deltagarar:
Åse Elin Hole, rådmann Stranda kommune
Ståle Anker Ljøen
May-Helen Molvær Grimstad, rådmann Sykkylven kommune
Njell Hoftun

Tillitsvalde:
Heidi Smørdal-Ask
Monica Skjortnes
Jens Vik

Erlend Krumsvik, forhandlingsleiar ny intensjonsavtale

Ikkje møtt: Politiske deltagarar:
Frank Sve
Trond Otto Berg
Eldar Høidal
Ove Bjerkan
Odd Arne Eidem

Tillitsvalde
Øyvind Lyngstad

Referent: Erlend Krumsvik, forhandlingsleiar ny intensjonsavtale

- 1. Opning av møtet**
 1. Erlend Krumsvik opna møtet, og sette føringer for dagens møte.
- 2. Kort presentasjon og gjennomgang av referat frå felles kommunestyremøte**
- 3. Identifisering av dei mest utfordrande forhandlingspunktta.**
 1. Forhandlingsutvala gjennomførte gruppemøte, og dei mest utfordrande forhandlingspunktta vart påvist. Desse vart satt fyrst i forhandlingane.
- 4. Forhandlingane starta**
 1. Sjå vedlagt arbeidsdokument for resultat av forhandlingane. Raud tekst er ny/revidert tekst av omforeinte løysingar, medan svart tekst er delar av dokumentet som ennå ikkje har blitt handsama av forhandlingane.
 2. Dei politiske deltakarane er utfordra på forslag til namn på ny kommune, og skal melde dette inn seinast onsdag 21. august. Personar som har forslag til namn må melde dette inn til deltakarar i forhandlingsutvala. Torsdag 22. august vil innsendte forlag bli sendt ut til forhandlingsutvala, som førebuande sak.
 3. Ordførar i Sykkylven skal ordne med presentasjon av deira organisering av VAR-området til andre forhandlingsmøte 26. august 2019, kl 08:00 i Formannskapssalen i Stranda rådhus.
- 5. Andre møte i forhandlingane er bestemt til 26. august 2019, i Formannskapssalen i Stranda rådhus.**
- 6. Forhandlingane avslutta kl 13:00**

Vedlegg: Intensjonsavtalens arbeidsdokument.

Erlend Krumsvik

Referent

Arbeidsdokument
Ny intensjonsavtale

Sykylven og Stranda kommunar

1. Intensjonsavtale

Forhandlingsutvala i Stranda og Sykkylven kommunar har etter oppdrag frå kommunestyra utarbeidd forslag til intensjonsavtale for å skape ein ny, felles kommune.

Avtalen skal leggast fram for kommunestyra i begge kommunane til endeleg handsaming i **juni 2016**. Før vedtak vert gjort, skal innbyggjarane få høve til å gi **uttrykk** for sitt syn på avtalen.

Overordna målsetting med intensjonsavtalen er å:

- Søkje det beste for innbyggjarane og næringslivet.
- Tenke langsigtig – 30 år eller meir.
- Legge strategiske føringer for fellesnemnda.

Merknad [EK1]: Kva for metode for innbyggjarhøring?

2. Kommunenamn og kommunevåpen (Utfordringspunkt)

Vi foreslår at **kommunenamnet** vert Stranda og Sykkylven kommune. Fellesnemnda får i oppgåve å arbeide vidare med namnespørsmålet.

Det skal lagast nytt kommunevåpen og nytt ordførarkjede for den nye kommunen.

Det vert opp til fellesnemnda å finne ein god arbeidsmåte for denne prosessen.

Merknad [EK2]: Tilbakemeldinga frå felles kommunestyremøte er å kome opp med forslag på namn.

Forslag til kommunenamn:

- Geiranger kommune
- Sunnmørsalpane kommune
- Indre Storfjord kommune
-

3. Visjon

Skaparglede og eit godt liv mellom fjell og fjord skal vere visjonen for den nye kommunen.

Merknad [EK3]: Note frå felles kommunestyremøte: Korleis skape «Vi-følelsen»? (Dette er ein identitetsdiskusjon)

4. Mål

Vi skal utvikle ein framtidsretta kommune bygd på lokal identitet

Vi skal sjå heile livsløpet i eit folkehelseperspektiv.

4.1 Samfunnsutvikling

Stranda og Sykkylven kommune skal:

- Skape ein vekstkratig ny kommune som er ein attraktiv lokaliséringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Vere ein framtidsretta utviklingsaktør
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.

- Vidareutvikle det allsidige offentlege og private kulturtildobet

Den nye kommunen skal ha eit sterkt fokus på framtidsretta næringsutvikling. Det er eit ønske å samle dei kommunale ressursane overfor næringslivet i eit nytt næringskontor lokalisert til Stranda. Gjennom denne satsinga skal kommunen legge betre til rette for nye og eksisterande næringsaktørar.

Ved kontoret skal det etablerast eit godt fagmiljø for næringsretta plan- og utviklingsarbeid.

Organisering og samansetting av fagmiljø ligg til fellesnemnda å definere.

Det skal utarbeidast ny, offensiv næringsplan for kommunen. Eksisterande næringsklynger innanfor møbel og næringsmiddel skal vidareutviklast. Reiselivsperspektivet og god forvalting av verdsarvstatusen skal vere sentralt i heile kommunen.

4.2 [Tenesteyting og utøving av mynde]

Stranda og Sykkylven kommune skal ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Sikre gode tenester med god kvalitet for innbyggjarane.
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø.
- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtildob der folk bur.
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette.
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon.

Merknad [EK4]: Innspel frå felles kommunestyremøte var å kome med nokre lokaliseringsforslag.

Servicetorg

Begge rådhusa i den gamle kommunestrukturen skal ha eit servicetorg innbyggjarar og næringsliv kan vende seg til.

Ved større geografisk avstand til spesialkompetanse er det viktig at servicetorga kan ta imot ein større grad av henvendingar til kommunen.

Fordeling av kommunale arbeidsplassar (Utfordringspunkt)

Basistenestene, som t.d. barnehagar, skule og pleie- og omsorgsinstitusjonar skal ikkje re-strukturerast som ein del av arbeidet til fellesnemnda. Dei vedtak som kommunane alt har gjort på strukturendringar skal gjennomførast som vedtatt av respektive kommunestyre.

Toppleiing vert lagt til rådhuset i Sykkylven kommune.

Politisk og administrativ toppling er definert som ordførar og politisk sekretariat, rådmann og økonomi og personaladministrasjon.

Nærings-, teknisk- og planavdeling blir samla i ein næringsetat lokalisert til Stranda, der det ligg til Fellesnemnda å samorganisere alle relevant organisasjonar til ei eining – t.d. SNU AS.

Dei spesialiserte tenestene, NAV, barnevern, helse og omsorg, skule og oppvekstkontor skal samordnast. Ved plassering av desse kommunale arbeidsplassane skal ein søkje å oppnå slik fordeling i tal arbeidsplassar som kommunane har per i dag.

Vidare organisering av den kommunale organisasjonen ligg til Fellesnemnda.

4.3 **Demokrati**

Den nye kommunen skal styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering i heile kommunen.

Den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen som styringsform.

Kommunestyret skal ha 33 medlemmar.

Merknad [EK5]: Note frå felles kommunestyremøte: Korleis kompensere for lengre reiseavstandar i demokratisk samanheng?

4.4 Økonomi

Kommunane skal fram mot samanslåing vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne.

Prinsippet for økonomi er «All in». Med dette meiner vi at ingen særordningar for dei gamle kommunane vert tatt med inn i den nye kommunen.

Det er ein ambisjon å legge til rette for heilskapleg planlegging, til dømes økonomiplan som tek omsyn til dei forpliktande planane til kommunane, og som jobbar fram mot ei felles kommune frå 2020.

Frå vedtak kom kommunesamslåing skal ein starte å tilnærme seg ein **felles økonomiplanprosess** med blikk for å bygge ei felles kommune. Det er naturleg at dette er eit ansvar som ligg til fellesnemnda å koordinere.

Merknad [EK6]: Er det ein ambisjon om å starte dette i 2020?

Vi skal:

1. Orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
2. Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at den andre kommunen får innsyn i dei.
3. Ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med den andre kommunen.

5. Kommunen som arbeidsgjevar

Det skal etablerast ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreser høg grad av medverknad på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at den er etablert.

Det betyr at:

1. Alle tilsette sine noverande rettar vert aksepterte i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk.
2. Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtal, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passande arbeid i rimeleg avstand.

3. Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP/STP.

Det partsamansette utvalet (PSU, jfr. Inndelingslova §26) skal lage eit omstillingssdokument som:

1. Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement m.m.)
2. Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette.
3. Harmoniserer lønnsskilnader over tid.
4. Tilbyr stimulerande tiltak til leiarar ved overtal.

6. Interkommunale selskap/samarbeid

Fellesnemnda skal gå gjennom alle interkommunale avtalar, med tanke på avvikling, re-forhandling eller på anna vis tilpassa avtalane til ny kommunestruktur.

Det er eit mål å redusere talet på interkommunale samarbeid.

7. IKT/ Digitalisering/Arkiv

Kommunane har ulike IKT system og nyttar ulike programvarer til administrativ sakshandsaming. Dette forvaltingsområdet vil krevje omfattande bruk av omstillingssmidlar til å harmonisere ein framtidig felles organisasjon. Det vil vere sentralt for fellesnemnda å planlegge dette.

Det er ein klar ambisjon for den nye kommunen at nye digitale løysingar skal takast i bruk for ei meir positiv oppleving av effektiv sakshandsaming for innbyggjarar og næringsliv.

Merknad [EK7]: Bør samordning av Arkiv bli nemnt her?

8. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel.

Alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

Samordning av samfunnsplan og arealplan bør fylge utviklinga i planarbeidet med felles budsjettprosess.

9. VAR organisering/Kommunale selskap og foretak (utfordringspunkt)

Stranda kommune og Sykkylven kommune har heit ulike måtar å organisere VAR-området på. Fellesnemnda må særleg vurdere framtidig organiseringsmodell for VAR-området.

10. Infrastruktur (veg/kommunikasjon)

Den nye kommunen skal ha Storfjordsambandet som ei hovudsatsing. Dette omfattar:

- Tunell Hole – Engeset
- Bru over Storfjorden og naudsynte tilknytingsvegar

Stranda og Sykkylven kommune skal i tillegg fokusere på følgjande infrastrukturprosjekt.

- Rassikring Eidsdal- Geiranger
- Fylkesvei 60 Hellesylt – Grodås
- Gang og sykkelveg Aursneset – Fet
- Opplendskedalen Strynefjellet

11. Fellesnemnd.

Fellesnemnd skal opprettaast snarast råd etter at kommunane har gjort vedtak om samanslåing.

Til nemnda skal det veljast fire representantar frå kvar kommune.

Representantane til fellesnemnda skal veljast innan kort tid etter kommunalt vedtak om kommunereforma.

Rådmenn frå begge kommunane møter i fellesnemnda fram til prosjektleiar er tilsett.

Det skal etablerast fellesorgan og partssamansett utval i samsvar med hovudavtalen, der dei tillitsvalde vert involvert i det vidare arbeidet som sikrar gjennomføring av samanslåinga.

12. Informasjonsarbeid (Utfordningspunkt)

Fellesnemnda sin organisasjon skal styrkast med ein informasjonsmedarbeidar i 100% stilling, for å sikre god forankring og forståing av formålet og prosessen ein går gjennom. Dette er viktig internt i begge kommuneorganisasjonar og overfor innbyggjarane.

Leiar og Prosessleiar av Fellesnemnd skal regelmessig orientere begge kommunestyre om framdrifta i samanslåingsprosessen.

13. Beredskap